

EFTA Surveillance Authority
Rue Belliard 35
B- 1040 Brussels
Belgium
registry@eftasurv.int

Dato: 19.05.2015

Klage: Noreg har handla i strid med vassrammedirektivet

Omsetting til norsk av klagebrevet, som vart sendt til ESA på engelsk.

Klagarar:

Naturvernforbundet (Friends of the Earth Norway) Mariboegate 8 N-0183 OSLO Norway e-mail: naturvern@naturvernforbundet.no phone: +47 23 10 96 10 fax: +47 23 10 96 11	NGO Norsk miljøvernorganisasjon 21.000 medlemmar http://naturvernforbundet.no
Natur og Ungdom (Nature and Youth) Postboks 4783 Sofienberg 0506 OSLO Norway e-mail: info@nu.no phone: +47 23 32 74 00 fax: +47 23 32 74 10	NGO Norsk miljøvernorganisasjon for ungdom 7000 medlemmar http://nu.no/english/
Vevring og Førdefjorden miljøgruppe Vevring 6817 Naustdal Norway e-mail: post@fjordaksjonen.org phone: +47 95 72 42 42	NGO, lokal miljøverngruppe for Førdefjorden and Vevring http://www.fjordaksjonen.org/

Friends of the Earth Europe Mundo-B Building Rue d'Edimbourg 26 1050 Bruxelles Belgium e-mail: magda.stockiewicz@foeeurope.org phone: +32 2 893 1000 fax: +32 2 893 1035	NGO, Miljøvernnettverk for Europa med 30 nasjonale organisasjoner www.foeeurope.org
Norske Lakseelver (Norwegian Salmon Rivers) Postboks 9354 Grønland 0135 Oslo Norway e-mail: post@lakseelver.no phone: 22 05 48 70 / 450 21 637 fax: 22 17 17 87	Nasjonal NGO for elveeigarar 7000 individuelle elveeigarar http://www.lakseelver.no
Greenpeace Norge Pb. 33 Torshov 0412 Oslo Norway e-mail: info.no@greenpeace.org phone: + 47 22 20 51 01	NGO, Norsk avdeling av Greenpeace 19.700 medlemmar og støttespelarar http://www.greenpeace.org
WWF-Norge Postboks 6784 St. Olavs Plass 0130 Oslo Norway e-mail: wwf@wwf.no phone: 22 03 65 00 fax: 22 20 06 66	NGO, norsk avdeling av WWF http://www.wwf.no
Norges Jeger- og Fiskerforbund (Norwegian association of Hunters and Anglers) P.O.Box 94 NO-1378 NESBRU e-mail: njff@njff.no phone: +47 66 79 22 00 fax: +47 66 90 15 87	NGO Norsk friluftsgeselskap 120.000 medlemmar www.njff.no

SABIMA (The Norwegian Biodiversity Network) Pb 6784 St.Olavs plass 0130 Oslo Norway e-mail: christian.steel@sabima.no phone: +47 22 36 36 41 fax: +47 22 20 06 66	NGO paraplyorganisasjon Organiserer ni norske biologiske foreningar med 20 000 medlemmar http://sabima.no
Framtiden I våre hender (Future in our hands) Fredensborgveien 24G 0177 Oslo Norway e-mail: post@framtiden.no phone: +47 22 03 31 50	NGO Miljøorganisasjon 22 000 medlemmar http://www.framtiden.no
Den Norske Turistforening (The Norwegian Trekking Association) Youngstorget 1 0181 Oslo Norway e-mail: info@turistforeningen.no phone: +47 4000 1868 fax: +47 22 42 64 27	NGO Noregs største friluftslivsorganisasjon 240,000 medlemmar http://turistforeningen.no/
Norges Kystfiskarlag Postboks 97 8380 Ramberg Norway e-mail: post@norgeskystfiskarlag.no phone: +47 76 05 21 00 fax: + 47 76 05 21 01	Organisasjon for norske kystfiskarar 1000 medlemmar http://www.norgeskystfiskarlag.no/

Støtte til klagen:

Norges Fiskarlag (The Norwegian Fishermen's Association). Sjå vedlegg 4.

Oversyn over klagen

EUs vassrammedirektiv vart implementert som norsk lov 01.01.2007, under namnet «Forskrift om rammer for vannforvaltningen», eller i kortform: "vassforskrifta".

1. 19.04.2015: Den norske regjeringa gav eit nytt løyve for dumping av 4 millionar tonn gruveavfall, blanda med kjemikaliar, i Førdefjorden kvart år. Det er planlagt å auke dette til 6 millionar tonn etter 15 år.
Vår påstand: Løyvet vart gjeve i strid med artikkel 4.7 (nye prosjekt) og artikkel 1 (formål) i EUs vassrammedirektiv.
2. 13.03.2015: Den norske regjeringa gav eit nytt løyve for ein kraftig auke i utsleppet av gruveavfall, blanda med kjemikaliar, i Ranfjorden.
Vår påstand: Løyvet vart gjeve i strid med artikkel 4.7 (nye prosjekt) og artikkel 1 (formål) i EUs vassrammedirektiv.
3. 23.04.2008: Den norske regjeringa gav eit nytt løyve for dumping av 4 millionar tonn gruveavfall, blanda med kjemikaliar, i Bøkfjorden kvart år.
Løyvet vart gjeve utan ei konsekvensutgreiing som vurderte artiklane i EUs vassrammedirektiv når det gjaldt påverknaden på vassforekomsten.
Vår påstand: Løyvet vart gjeve i strid med artikkel 4.7 (nye prosjekt), artikkel 1 (formål) og artikkel 14 (offentleg informasjon og konsultasjon) i EUs vassrammedirektiv.
4. Det er 6 aktive dumpingsplassar for gruveavfall i norske fjordar, dei fleste med prosesskjemikaliar blanda med gruveavfallet. Forvaltingsplanane for vatn for 2015 – 2021 tillet at desse dumpingsplassane får halda fram, trass i at desse vassforekomstane har fått økologisk status lågare enn "god". Dumpingsplassane er ikkje (og skal heller ikkje vera) utpeika som "sterkt modifiserte vassforekomstar", og forvaltingsplanane skulle demed ha hatt tiltak for å betre den økologiske statusen til å bli minst "god".
Vår påstand: Å halda fram med desse dumpingsplassane er brot på artikkel 4.1 og artikkel 1 (formål) i EUs vassrammedirektiv.

Vi vil på det sterkaste be ESA om å instruere Noreg til å utsetja det nye dumpingsløyvet i Førdefjorden (løyve gjeve 19.04.2015) inntil ESA har kome fram til ei endeleg avgjerd om denne klagen.

Europeisk utvikling på området

Vi ønskjer å gjera merksam på utviklinga i EU som følgje av implementeringa av vassrammedirektivet. Sjødeponi av gruveavfall er/blir no avslutta elles i EU. Dei siste sjødeponia var i Storbritannia (inntil 2003), Hellas (inntil om lag 2013) og i Frankrike (inntil 2015). Vi viser til vedlegg 1, side 25-26.

I kontakt med Londonkonvensjonen/ Londonprotokollen, har norske styresmakter uttrykt at den låge kostnaden av sjødeponi, samanlikna med andre løysingar, er viktig for å velje denne metoden. Vår

oppfatning er at dette bør bli vurdert i lys av EUs generelle marknadspolitik, ettersom andre EU-land har slutta med sjødeponi for å følgje EUs miljøpolitiske målsettingar.

Vår tidlegare aktivitet rundt desse spørsmåla

For kvart av dei nye løyva har vi (dei underskrivne organisasjonane) uttrykt oss mot sjødeponi fleire gongar gjennom høyringsuttalar. Vi har protestert mot dei gjevne løyva fleire gongar. Vi har offisielt slått fast at det ville koma ein klage til ESA dersom dei norske styresmaktene aksepterte søknadene om fleire sjødeponi i fjordane, eller dersom det ikkje vart lagt opp til å avslutte dei eksisterande sjødeponia i løpet av den komande forvaltingsperioden for vassforekomstane.

Vi har også vore aktive i den offentlege høyringa av dei nye forvaltingsplanane for vassforekomstane og har kravd slutt på kvar av dei 6 aktive dumpingsstadene for gruveavfall.

Naturvernforbundet (ved Mads Løkeland, mads.loekeland@gmail.com) sendte 19.02.2015 ein epost til Maria Brättemark i WFD Team (teamet for vassrammedirektivet), DG Environment, European Commission, og spurde om råd når det gjaldt spørsmålet om utslepp av gruveavfall i fjordane, og vart så kontakta via telefon av Gabrielle Somers (Officer - Internal Market Affairs Directorate) i ESA i juli 2012. Ho spurde oss om vi ville fremje ein formell klage. Vår konklusjon var då at vi ville vente på styresmaktene si vurdering av dei nye søknadene og dei nye forvaltningsplanane for vassregionane.

Konfidensialitet

Vi gjev ESA løyve til å offentliggjera våre identitetar i kontakt med norske styresmakter.

Detaljert klage

Vi presenterer ein detaljert gjennomgang av kvifor dumping av gruveavfall i sjø (sjødeponi) er brot på EUs vassrammedirektiv i vedlegg 1, «Sjødeponi bryt med EUs vassrammedirektiv», Naturvernforbundet 2015.

Eit norsk rettleiingsdokument for artikkel 4.7

Klima og Miljødepartementet har publisert eit rettleiingsdokument (for offentlig forvaltingsorgan) på tolkinga av §12 i vassforskrifta (artikkel 4.7 i EUs vassrammedirektiv).¹ Vår påstand er at dette dokumentet ganske sikkert vil resultere i vedtak som bryt med artikkel 4.7 i vassrammedirektivet.

Spesielt kjem rettleiingsdokumentet til kort når det gjeld vurdering av gevinst og tap i samband med nye prosjekt. Rettleiingsdokumentet krev utelukkande at ein vurderer tap av miljøkvalitetar. I følgje vassdirektivets rettleiingsdokument og felles implementerings- og politikkdokument skal ein i tillegg ha ei brei vurdering av tap for samfunnet, som omtalt i vedlegg 1, side 13 – 14.

Førdefjorden

I tillegg til argument og konklusjonane i vedlegg1, ønskjer vi å trekke fram nokre punkt i samband med løyvet til å dumpe gruveavfall i Førdefjorden (løyve gjeve 19.04.2015). Vår påstand er at løyvet

¹ Veiledning til bruk av vannforskriftens §12. Klima- og Miljødepartementet 23.02.2015

vart gjeve utan tilstrekkeleg vurdering av gevinst og tap for samfunn og miljø, og gir her vår grunn-
gjeving under:

For å tillate at den økologiske statusen til ein vassforekomst blir dårlegare enn “god”, har artikkel 4.7
nokre tilleggsvilkår som skal bli vurderte:

1. alt som er mogleg må bli gjort for å hindre redusert miljøtilstand
2. fordelane for samfunnet må vera større enn tapa for samfunn og miljø
3. det er teknisk vanskeleg/ umogleg, eller urimeleg høg kostnad å bruke andre metodar som er miljømessig vesentleg betre

Vilkår nr 2, tap og fordelar:

Som rettleiing for korleis ein skal vurdere vilkår nr 2, «*fordelane for samfunnet må vera større enn
tapa for samfunn og miljø*», er det utvikla rettleiingsdokument og eit “politikkdokument”.

Ved hjelp av desse dokumenta har vi etablert denne vurderingstabellen (side 14 i vedlegg 1), der vi
samanliknar vurderingskrava til vassrammedirektivet med den norske vassforskrifta, som er
vesentleg mindre spesifikk i sine vurderingskrav:

	Vassrammedirektivet	Den norske vassforskrifta
Vurdering av fordelar	<ul style="list-style-type: none">• “væsentlige samfunnsinteresser” eller• Betre helse for befolkninga• Oppretthalda sikkerheit for befolkninga• Berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none">• fordelar for samfunnet
Vurdering av tap	Verdiar nemnde i artikkel 1: <ul style="list-style-type: none">• Tap av miljøverdiar• Tap av samfunnsmessig nytte av reint vatn Dette er utdjupa i Policy dokumentet ² som tap av: <ul style="list-style-type: none">• Velfungerande økologisk system og biologisk mangfald• Befolkningas tilgang til trygg sjømat og andre helsemessige fordelar av reint vatn• Verdien av fiskerierinteresser og sjømatproduksjon• Verdien av næring/ arbeidsplassar i turistnæring, fiskerinæring	<ul style="list-style-type: none">• Tap av miljøverdiar

² Policy summary and background document-environmental objectives, 2005.
http://ec.europa.eu/environment/water/water-framework/objectives/pdf/2005_objectives.pdf

	<ul style="list-style-type: none">• Livskvalitet for tilreisande, sportsfiskarar, friluftsliv, naturopplevingar og andre ikkje-kommersielle aktivitetar	
--	---	--

Vår påstand er at norske styresmakter ikkje har hatt tilstrekkeleg vurdering av søknaden om dumping av gruveavfall i Førdefjorden, ut i frå vurderingskrava til vassrammedirektivet. Vi gir her kommentarane våre med utgangspunkt i vurderingstabellen over.

Etableringa av ei rutilgruve, kombinert med dumping av gruveavfall i Førdefjorden:

- kan ikkje bli klassifisert som “vesentlege samfunnsinteresser”
- gir ikkje “betre helse for befolkninga”
- gir ikkje “sikkerheit for befolkninga”
- kan ikkje bli klassifisert som “berekraftig utvikling”

“Betre helse for befolkninga”

Det er mogleg å produsere metallisk titan frå rutil (TiO_2), men berre 4 % av all TiO_2 blir brukt til å produsere Ti. Nesten all rutil blir brukt som kvitt pigment, slik at det er difor ikkje mangel på TiO_2 for produksjon av metallisk Ti. Sjølv om titan er eit viktig materiale for helsetenestene, kan ein difor ikkje bruke dette som eit argument for “betre helse for befolkninga”.

“Berekraftig utvikling”

Vi viser til vedlegg 1, og vår vurdering av “berekraftig utvikling”, og bruken av fjordane til dumping av gruveavfall.

“Befolkningas tilgang til trygg sjømat og andre helsemessige fordelar av reint vatn”

Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) er bekymra for at den planlagde dumpinga av gruveavfall i Førdefjorden kan ha negativ påverknad når det gjeld trygg mat frå fisk, skaldyr og sjømat generelt. NIFES er spesielt bekymra for at kadmium kan lekke ut frå deponiet og koma inn i næringskjeda, og at ein kan få auka nivå av TiO_2 nanopartiklar i skaldyr og krabbar. Dei er også bekymra for nivået av akrylamid som følgje av flokkuleringskemikalia, og at akrylamid kan bli konsentrert gjennom næringskjeda, og dermed representere ein helseisriko.

“Velfungerande økologisk system og biologisk mangfald”

Vi viser til kapittelet “Påverknaden frå gruveavfall i ein fjord” i vedlegg 1, som diskuterer dei alvorlege negative påverknadene på marint liv. I Førdefjorden vil gruveavfallet ha alvorlege negative verkningar på ei rekke artar som er raudlista nasjonalt og internasjonalt (ål, blålange, pigghå og fleire andre). Blant desse har Noreg eit spesielt ansvar for å ta vare på leveområde for pigghå gjennom OSPAR konvensjonen.

“Verdien av næring/ arbeidsplassar i turismenæring, fiskerinæring”

Turisme, fiskeri og oppdrettsnæring er viktige næringsområde i Noreg, spesielt i denne delen av landet. Desse næringane er avhengige av reint vatn, velfungerande marin økologi og eit godt internasjonalt rykte. Dei store næringslivsorganisasjonane i desse næringsområda har protestert kraftig mot løyve til å dumpe gruveavfall i Førdefjorden. Blant desse finn vi:

- Virke, som organiserer 19 000 bedrifter med 220 000 tilsette.
<http://www.virke.no>

- Norges Fiskarlag <http://www.fiskarlaget.no>
- Sjømat Norge, som representerer interessene til omlag 500 medlemsbedrifter. <http://sjomatnorge.no>
- NHO reiseliv, som har 2500 medlemsbedrifter med totalt 55.000 tilsette. <http://www.nhoreiseliv.no>
- Norske lakseelver, som representerer 7000 individuelle elveeigarar. <http://www.lakseelver.no>

Det er også reist spørsmål om regjeringa, ifølgje nasjonal og internasjonal lov, har lovleg rett til å til- late eit prosjekt som vil ta frå fiskarar og lokale innbyggjarar deira tradisjonelle rett til fiske og bruk av fjordområdet. Dersom løyvet ikkje blir trekt attende, kan det føre til ei rekke rettssaker om fiskerett, negativ påverknad på laksen i lokale elver etc.

Vedlegg 2 omfattar brev og opprop frå bedrifter og organisasjonar i fiske, oppdrettsnæring og turisme, som går mot dumping av gruveavfall i Førdefjorden.

“Livskvalitet for tilreisande, sportsfiskarar, friluftsliv, naturopplevingar og andre ikkje-kommersielle aktivitetar.”

Vi viser til den breie protesten frå norske organisasjonar for naturvern og fritid, og til eit brev under- teikna av 33 internasjonale naturvernorganisasjonar: “Time to protect the Norwegian fjords and our common sea”. Sjå vedlegg 3.

Vilkår nr 3, andre metodar som er miljømessig vesentleg betre

Gruveprosjektet er basert på eit enormt dagbrot, der gråberg blir plassert i eit stort landdeponi, og der restmassane skal bli dumpa i fjorden. Berre om lag 4% av malmen skal bli brukt, og resten skal bli behandla som avfall.


Vi vil påstå at alternative driftsmetodar og alternativ bruk av restmassane ikkje er vurdert i til- strekkeleg grad. Vi vil her vise til nokre få døme på alternativ som anten ikkje er vurderte, eller vur- derte i sær avgrensa grad. Vi vil også vise til pågåande arbeid i EU for å omforme gruvedrift i ei meir miljøvennleg retning.

- Underjordsdrift med tilbakefylling. Det er fleire teknologiar som tillet tilbakefylling samtidig med aktiv gruvedrift, som for eksempel tilbakefyllingsdrift (cut and fill), som er ein internasjonalt vanleg brukt metode. Ein vesentleg del av restmassane kan då bli deponert under bakken. Underjordsdrift fører også til vesentleg mindre gråberg.
- Alternativ bruk av avgangen. Gruveselskapet har i ein rapport vist mange alternative bruks- område for avgangen, men den faktiske alternative bruken er det ikkje stilt krav om i løyvet til gruvedrift.
- Vi viser til det pågåande arbeidet i EU i samband med framtidig bergverksdrift og uttak av råmateriale, “Strategic Implementation Plan for the European Innovation Partnership on Raw Materials”, og fleire forskingsprogram som fokuserer på driftsmetodar som “usynleg gruve”

og “gruve utan avfall”. Dette pågåande arbeidet fokuserer på driftsmetodar med miljømessig mindre fotavtrykk: “flytte all den konvensjonelle gruvedrifta frå overflata til under jorda³”. Som vi allereie har nemnd, vil det å gå frå dagbrot til underjordsdrift kunne føre til sterk reduksjon i avgangsmassane, og gjennom det også gjera det enklare med alternativ bruk av resten av restmassane.

Enno ein gong vil vi på det sterkaste oppmoda ESA om å instruere Noreg til å utsetja det nye løyve for dumping av gruveavfall i Førdefjorden inntil ESA har kome fram til ei endeleg avgjerd.

På vegne av klagarane



Lars Haltbrekken

Leiar av Naturvernforbundet

Vedlegg

- 1: “Sjødeponi bryt med vassrammedirektiv», Naturvernforbundet 22.04.2015
- 2: Brev frå næringslivsorganisasjonar med protest mot sjødeponi
- 3: “Time to protect the Norwegian fjords and our common sea”, brev frå 33 miljøvernorganisasjonar verda over, 2015 letter
- 4: Støttebrev frå Norges Fiskarlag

³ Working document for the Strategic implementation plan for the European innovation partnership, draft of 27/03/2013